

Dei som skreiv songane våre

22.06.2009

Sommarnummeret av Uskedalsposten gjev på sistesida att ein av Uskedalsongane - ja, for vi har faktisk to! Dette er songen som startar med "Ei venare bygd trur jeg ikke er i Noreg enn Uskedal". Diverre fall navnet på forfatteren ut og difor er det viktig å opplysa at det er Søren Feet som har skrive denne songen.



Wilhelm Bjelland

Så er det den andre songen, den som startar med "Eg veit ein fredsamt, fager dal, mi kjære heimbygd Uskedal". Den er skrite av Wilhelm Bjelland (1910/1981). Han var ein av de sju borna til Anna og Andreas Bjelland og dei tok over bruket "Under eika" på slutten av 1930-talet. Det gamle huset der brann i 1938. Dei bygde nytt og sat med garden til 1957 då dei flytta til Huglo.

Bjelland skreiv mange songar og prologar og sat også som formann i ungdomslaget frå 1935 til 1937 - og i 1940. Han skreiv også Sunnhordlandsongen.

Av Ola Matti Mathisen